


ARKIV

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Rådhuset	Møte dato 02.10.85
Sakshandsamar Thorsheim	Arkivnr. gnr. 134 bnr. 8 Hilland	SAK NR. B-297/85
Byggherre/meldar Herman Rognalsen	Adr. 5122 Alverstraumen	
Saka gjeld Frådeling - Bustadtomt til Helge Bergetun		
Vedlegg: Søknad om deling av eigedom, dat. 22.05.85 situasjonskart 1:5000 og 1:1000 kvittering for sende nabovarsel søknad om utvida bruk av avkøyrslø, dat. 22.04.85 Godkjent av jordstyret, dat. 23.08.85 Skriv dat. 07.06.85 frå Kraftlaget, merknad		
MERKNAD:  På eigedomen er det frå før delt frå ein del bustadtomter. Avlaupet skal leiast til offentleg kloakk. Grunna lite vass-trykk, må eigaren inntil vidare ordna med eiga vassforsyning. Tomta ligg innanfor areal som tidlegare er disponert til byggjeføremål.		
TILRÅDING:  I samsvar med § 63 i bygningslova godkjenner bygningsrådet deling av eigedom i samsvar med søknaden og på følgjande vilkår:		
1. Eigedomen (bygget) skal knytast til offentleg leidningsnett for kloakk. I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad om tilknytning og melding om utføring sendast til teknisk kontor på særskilt skjema vedlagt turvande planar.		
2. Tomta skal knytast til offentleg eller anna felles vassleidningssystem og evt. overvassleidning dersom dette vert anlagt i området. Bygningsrådet gjer merksam på at det kan verta kravd del av refusjon for anleggsutgifter til leidningar for vatn og kloakk. Storleiken på beløpet skal fastsetjast av kommunen.		
3. Bygningssjefen skal avgjera grensene for tomta.		
4. Området er ikkje regulert. Eigar (festar) må difor vera merksam på at det seinare kan verta aktulet med justering av grenser, vegføring m.v.		
5. Utvida bruk av eksisterande avkøyrslø frå kommunal veg vert gjeve på dei vilkår som er lista opp i søknads-skjemaet, dat. teknisk sjef 23.09.85.		
VEDTAK: Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga.		
FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD	Utskrift sendt til	
	Herman Rognalsen Helge Bergetun Anleggsavd. Oppmålingsavd.	

5100 Isdalstø, 22. oktober 1985

Herman Rognalsen  
5122 Alverstraumen

Helge Bergetun  
5146 Dalsgrend

MELDING I FORVALTNINGSSAK

I samsvar med § 27 i forvaltningslova vert det med dette meldt at det den 2. oktober 1985 i sak **B-297/85** av Lindås bygningsråd, 5100 Isdalstø er gjort vedtak som vedlegget syner.

Vedtaket kan påklagast til kommunal- og arbeidsdepartementet v/fylkesmannen i Hordaland jfr. § 17 i bygningslova.

Klagefristen er 3 - tre veker frå den dagen brevet kom fram til mottakaren. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til Lindås bygningsråd. Han skal vera underskriven, nemna det vedtaket som det vert klaga på, gjeva opp dei endringar som er ønskjelege og dei grunnar De vil føra for klagen.


Dersom De klagar så seint at det kan vera uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk gjeva opp når denne meldinga kom fram. Om løyve til å få klagefristen forlengja, og om løyve til å påklaga vedtaket sjølv om klagefristen er ute m.m., gjeld elles føresegnene i § 29 - 32 i forvaltningslova. Om oppsetjande verknad av klage gjeld § 34 i forvaltningslova. Har De ikkje høve til å gjera Dykk kjend med desse føresegnene, eller De treng rettleiing om kva De skal eller kan gjera, kan De venda Dykk hit.

For Lindås bygningsråd

*Ernst Strømheim*

## BYGDEVEGANE I LINDÅS

ARKIV



HANDSAMA DEN  
0 2 OKT. 1985  
LINDÅS BYGNINGSRÅD

## Søknad om privat avkjørsle frå offentleg veg.

Underskrivne: Helge Bergetun

som er eigar av eigedomen

Parsell av gnr. 134 bnr. 8 i Lindås kommune

søker med dette om løyve til å bygga privat avkjørsle frå kommuneveg

For samtykke etter søknaden vedtar eg desse

## VILKÅR

- A. Avkjørsle vil bli lagt slik det er fastsett i veglova av 21. juni 1963 §§ 39 - 43 som eg har fått avskrift av.
- B. Avkjørsle vil bli bygt og vedlikehalde, slik som det vert kravt etter reglar vedtatt av Vegdirektoratet den 16. juli 1964 som eg har fått avskrift av.
- C. Før arbeidet med avkjørsle kan ta til, må oppsynsmannen ha stukke ut tilknyttinga til vegen og sett ut høgder ved tilknyttinga.
- D. Følgjande serskilde vilkår gjeld:
  1. Løyvet gjeld berre for den stad som er nemt foran og etter godkjent skisse med målestokk.
  2. Avkjørsle kan berre nyttast til følgjande:  
Bustad

3. Samankoplinga mellom sidekantane på avkjørsla og næraste køyrebane kant på den offentlege vegen skal verta avrunda med ein sirkel med radius på minst 4 m.
4. (Mogelege tilleggsvilkår.)

Det skal leggjast røyr under avkjørsla med innvendig diameter min. 200 mm. Frisiktsfelt skal ryddast etter tilvising frå teknisk etat. Innafor dette arealet må ikkje terrenget eller plantar koma høgare enn 0,5 m over vegbana. Frisiktsfelta skal haldast rydda.

Bergen den, 22.04.85

*Helge Bergetun*

Som eigar

Sendast til: Helge Bergetun.

De får med dette løyve til å byggja avkjørsla på dei vedtatte vilkåra og på dei vilkår som til ei kvar tid vert sett i veglova og av Vegdirektoratet.

Løyvet gjeld frå idag. Arbeidet må settast igang innan 1 - eitt - år. Løyvet fell elles bort.

Lindås kommune

Isdalstø, den 23.09.85  
for TEKNISK SJEF

*Fridtjof Tøssle*

Vert sendt oppsynsmann vegvaktar.

Vi ber dykk se etter at vilkåra vert etterfølde. Ein kopi av løyvet ligg ved ~~senda~~ ~~veg~~ ~~vaktar~~ ~~ik~~ ~~stien~~ ~~veg~~.  
~~senda~~ ~~veg~~ ~~vaktar~~ ~~ik~~ ~~stien~~ ~~veg~~.



ARKIV

